



# **HANDLINGSPLAN FOR TRIVSEL OG GODT LÆRINGSMILJØ**



**SKJOLD SKULE**  
**Mai 2016**

## Føreord av rektor

Skjold skule er ein Zero-skule. Det betyr at me har null-toleranse for mobbing og anna dårlig åtferd menneske i mellom. Dette dokumentet viser korleis me ønskjer å ha det på Skjold skule: Me vil kvarandre det gode!

Dokumentet er meint å vera ei handbok i det daglege arbeidet på skulen. Det skal vera kjent for alle som arbeider på skulen, og for foreldre/føresette. Elevane skal vera orienterte om planen, og oppleva at det er forpliktande.

Barn i Noreg har ein lovlista rett til eit godt lærings miljø:

**Opplæringslova § 9a-1.** seier det slik: "*Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*" Og vidare:

*Det psykososiale miljøet: "Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør. ..."* § 9a-3.

Når elevar ikkje har det bra på skulen, opprører det både medelevar, foreldre og tilsette. Derfor må me i fellesskap både ha fokus på det gode, og ha eit vake blikk for elevar som av ein eller annan grunn ikkje har det så bra.

Elevar, foreldre og tilsette på Skjold skule arbeidde skuleåret 2010-11 med å bli ein Zero-skule. Me laga ein plan for arbeidet, og denne planen har vore gjennomgått og delvis revidert kvart år. I ettertid har me valt å vinkla oppgåva positivt: Me vil ikkje berre motarbeida mobbing, me vil arbeida målretta og strukturert for trivsel og godt læringsmiljø., og me vil ha ein forpliktande plan for arbeidet.

Litt om innhaldet:

Me på skulen meiner at det viktigaste er å driva godt førebyggande arbeid, slik at me har klassar som fungerer godt sosialt. Derfor vil dette vera ein stor del av planen, og innehalda konkrete tiltak for dette arbeidet, særleg til bruk for lærarane.

Du vil også finna strategi for arbeidet med å analysera det sosiale miljøet på skulen, og ei forpliktande metodisk rettleiing for kva som skal gjerast dersom det blir avdekka ei konkret mobbesak.

Planen skal reviderast kvar vår, og vera tema på planleggingsdag før skulestart om hausten.

Me vil kvarandre det gode!

Måtte denne tanken vera det som pregar livet og kvardagane på Skjold skule!

Berit Mortveit Listog  
rektor

# Innhaldsliste

<b>FØREORD</b>	2
<b>FØREBYGGING – BETRE ENN Å REPARERA</b>	
1. Klasseleiing	4
2. Relasjonar mellom elevane	5
3. Samarbeid heim-skule	6
4. Overgangar 1. og 8.kl.	7
5. Sikring av andre arenaer - vakt og tilsynsordningar	8
<b>KORLEIS HAR ELEVANE VÅRE DET - EIGENTLEG?</b>	
1. Årleg trivselsundersøking	9
2. Elevundersøkelsen	9
3. God kontakt elev-lærar-føresett	10
4. Observasjon	10
<b>NÅR SKULELIVET FLOKAR SEG TIL - PROBLEMLØYSING</b>	
1. Zero-prosedyre	11
2. Tiltak i klassar med utfordrande læringsmiljø	12
<b>KONTINUITET OG ETTERARBEID</b>	
1. Arbeid i etterkant- elevnivå	13
2. Arbeid i etterkant – organisasjonsnivå	13
3. Årleg gjennomgang og revisjon av planen	13
<b>VEDLEGG</b>	
1. Litteratur-liste: Støttelitteratur	
2. Fadderordning	
3. Forventningsavklaring barnehage-skule	
4. Overgang barnehage-skule	
5. Overgang barneskule-ungdomsskule	
6. Problemløysings-rutinar	

# FØREBYGGING: BETRE ENN Å REPARERA

## MÅL: ALLE ELEVAR SKAL OPPLEVA EIT GODT LÆRINGSMILJØ

### 1. Klasseleiing

Læraren leier slik at klassen vert opplevd som ein trygg stad for alle elevane. Alle vaksne skal vera vennlege og tydelege.

#### Kjenneteikn på godt læringsmiljø:

- Me tek elevane på alvor, og arbeider for tillit, tryggleik og trivsel
- Me møter kvarandre med gjensidig respekt, og snakkar til eleven slik me sjølve vil bli snakka til
- Me som arbeider i klassen er samkøyrde og samde om reglane i klassen
- Me skal ha dialog med elevane, leggja vekt på rettferd og sjå til at reglane blir følgde av alle
- Me er løysingsorienterte, brukar humor og arbeider for å skapa god atmosfære i klassen
- Me arbeider systematisk for å sjå og gi merksemd til kvar einskild elev

#### Tiltak:

I løpet av de to første vekene skal klassen saman med lærar laga få og tydelege klassereglar, og med konsekvensar for brot på reglane. Klassereglane skal hengja på veggen i klasserommet, godt synlege for alle, og dei skal vera kjende for føresette.

Klasserommet skal ikkje vera friminuttsarena.

Læraren er presis, går først inn og tar leiinga i klasserommet.

Elevane reiser seg og helsar på "nye" vaksne.

#### Arbeids/erfaringsnotat:

## 2. Relasjonar mellom elevane

Læraren og andre vaksne som arbeider i klassen skal vera opptekne av å vera gode førebilete for elevane. Dei lærer elevane gode samhandlingsmåtar og medverkar til positive relasjonar mellom elevane , og stimulerer til etisk refleksjon og ansvarskjensle.

- Elevane skal læra konfliktløysing og alternativ til uønskt åtferd
- Dei vaksne må konsekvent stoppa negativ åtferd, anten det er språkbruk, kroppsspråk eller fysisk kontakt
- Ingen skal vera redde for å bli gjorde til latter i undervisningssituasjonen

Tiltak på skulenivå:

Kvar klasse skal møta miljøskapande tiltak årleg, gjerne på tvers av klassetrinna, slik at dei blir kjende med elevar frå andre klassar.

Alle elevane skal vera samla til fellessamlingar 6-8 gonger i året.

Uteområdet skal i størst mogeleg grad vera tilrettelagt for gode friminuttsaktivitetar for alle aldersgrupper

Elevar på mellomtrinnet er trivselsvakter for andre elevar.

Tiltak på klassenivå:

Det skal setjast i gang positive, miljøskapande aktivitetar: "Hemmeleg ven", leikegrupper/aktivitetsgrupper .....

Alle elevar skal vera kjende med Zero-omgrepet

Frå 5.klasse (gjerne før) skal elevane ha personleg loggbok.

Empati og respekt skal vera tema i klassesamtalar, som skal finna stad jamleg i skuleåret. Utgangspunkt kan vera konkrete episodar, eller henta frå tekstar, filmar og liknande.

Læraren må vera bevisst på kor elevane er plasserte i klasserommet

Læraren kjenner til verktøy for dokumentasjon av sosial kompetanse, t.d. LSR-skjema, og kan bruka sosiogram som verktøy.

(Sjå vedlegg med metodiske tips.)

### **3. Samarbeid heim - skule**

Relasjonen mellom læraren/skulen og den einskilde elev sine føresette skal vera prega av gjensidig respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Det må vera låg terskel for å ta kontakt, og at læraren/skulen skal ha gode informasjonsrutinar.

#### **Tiltak:**

Skulen har oppdatert heimeside som inneholder viktig informasjon, m.a. rutinar for samarbeid heim-skule.

Det blir elles sendt ut informasjonsskriv fleire gonger i året: Ved skulestart, til jul og ved skuleslutt og elles når det er aktuelle saker å informera om.

Informasjonsskrivet ved skulestart inneholder ordensreglementet og spørsmål om underskrifter på ulike fullmakter.

I august skal det vera møte mellom kontaktlærar og klassekontaktar, der det skal utarbeidast årshjul for samarbeidet med føresette.

Alle tilsette kan kontaktast på epost.

Alle klassar har foreldremøte to gonger i året. Det psyko-sosiale elevmiljøet skal vera tema på alle møte. Alle vaksne i klassen blir presenterte på første foreldremøte om hausten.

På klasseforeldremøta kan ein utarbeida Zero-reglar for foreldre.

Det skal vera utviklingsamtalar to gonger i året. Her skal ein ha fokus både på fagleg kompetanse og på sosial utvikling og trivsel.

Føresette skal til vanleg ha rask beskjed (same dag) dersom eleven har vore involvert i alvorlege episodar på skulen.

#### **Arbeids/erfaringsnotat:**

## 4. Overgangar

Overgangar mellom barnehage og skule og mellom skuleslag skal opplevast som planmessige og trygge for elevane.

### Prinsipp:

- Skulen følgjer Vindafjord kommune sin prosedyre for overgangar: Sjå vedlegg
- Skulen er tydeleg på reglar og rutinar
- Det skal vera fokus på at Skjold skule er ein Zeroskule.
- Skulen har forventningar til barnehagen når det gjeld skulestart, sjå vedlegg

### Tiltak:

#### 1.klasse:

- bli-kjentdag i april/mai, bli kjent med fadderklassen
- fadderordning 5. (6.)klasse med faste tiltak- sjå vedlegg
- invitera barnehagen på besøk

#### 8.klasse:

- elevar i 8.kl. besøkjer 7.klasse og orienterer om ungdomsskulen
- bli-kjentdag i mai/juni
- overnattingstur tidleg på hausten
- lærarane set saman klassar etter kjennskap til elevane
- klassemøte med føresette i lag med elevane

### Arbeids/erfaringsnotat:

## **5. Sikring av uteområde, toalett, gymnastikkfløy, SFO og skuleveg Vakt- og tilsynsordningar**

Skulen har prosedyrar og sjekkpunkt som gjer at skulegard, toalett, gymnastikkfløy, SFO og skuleveg vert opplevd som trygge stader.

### **Det betyr at:**

- vakthaldsrutinar må kvalitetssikrast
- det er innarbeidd gode rutinar for byting/dusjing og for trygging av garderobetilhøva
- mobbing på skulevegen: Sjå rutinar for avdekking av mobbing.

### **Tiltak:**

Friminutta: Vaktene må overlappa kvarandre. Alle vaktene skal ha gule vestar på seg. Dei må vita kor dei skal vera og kva dei skal gjera, og vera opptekne av elevane.

Skuleområdet er delt i fleire vaktsoner: "Småtunet", "Jungelen", Ballbingen, Kunstgrasbanen, Tunet, "Baksida".

Vaktplanen viser kven som har bakvakt: Kven som går vakt ved sjukefråver.

Alle tilsette har ansvar for at vakt-og tilsynsordningane fungerer godt, og for å mælda frå når /om det oppstår systemsvikt.

På planleggingsdagen ved skulestart skal ordens- og åfærdsreglementet gjennomgåast, slik at alle tilsette veit kva reglar som gjeld.

Elevane bør vera sosiale i friminutta. Klassane skal ha drøfta bruken av mobiltelefonar og vurdera ordning med «mobil-hotell».

Elevar på mellomtrinnet kan vera trivsels-vakter. Dei skal først og fremst vera ein positiv miljøfaktor, men skal også seia i frå til ein voksen dersom dei ser teikn til plaging/mobbing.

Området til mellom skulebygget og ballbingen er organisert som eige Zero-område, tilrettelagt for rolegare aktivitetar –utan ball.

Kroppsøving: Læraren skal sjå til at mobiltelefonane ikkje blir tekne med inn i garderobane.

Undervisninga skal ikkje avsluttast før tida, elevane skal ikkje gå til bussen før kl. 14.10. Går klassen ut før, må ein voksen vera med.

Bussvakter bør rekrutterast frå lærarar/personale som har undervisningsfri eller kan gå frå undervisninga litt før det ringjer ut.

## KORLEIS HAR ELEVANE VÅRE DET - EIGENTLEG?

**MÅL: DEI VAKSNE SKAL HA GOD INNSIKT I DET PSYKOSOSIALE LÆRINGSMILJØET PÅ SKULEN**

### **1. Årleg kommunal trivselsundersøking i november og mars, 3.- 10.kl.**

Undersøkinga i november er obligatorisk for alle skulane i Vindafjord. Desse resultata skal leggjast inn i kommunalt registreringssystem. På Skjold skule blir undersøkinga også gjennomført i mars.

Spørjeskjemaet ligg på Its learning. Skuleleiinga gir påminning og praktisk hjelp. Kontaktlærar er ansvarleg for gjennomføring og registrering av resultata på samleark for klassen.

Kontaktlærar er ansvarleg for gjennomgang av resultata med dei andre som arbeider i klassen, saman med inspektør eller rektor.

Føresette skal orienterast om resultata på foreldremøtet om våren.

### **2. "Elevundersøkinga" i regi av Udir hausthalvåret, 7. og 10.kl.**

Undersøkinga blir gjennomført elektronisk. Skuleleiinga gir påminning og praktisk hjelp.

Kontaktlærar er ansvarleg for gjennomføring og framlegging av resultat med dei andre vaksne i klassen og med rektor/inspektør.

**Arbeids/erfaringsnotat:**

### **3. God kontakt elev-lærar-føresette**

Alle kontaktlærarar skal gjennomføra elevsamtalar

Alle elevar frå og med 5.klasse skal ha personleg loggbok, som berre blir lesen av eleven og kontaktlæraren.

Det psykososiale læringsmiljøet skal vera tema i alle utviklingssamtalar på klasseforeldremøte.

Ved hovudinngangen heng ein låst postkasse, der elevar kan leggja meldingar som det er vanskeleg å formidla på annan måte. Ansvarleg: Rektor

Helsesøster er ein nøytral kontaktperson som elevar og foreldre kan kontakta dersom kommunikasjonen med skulen elles kjennest vanskeleg

### **4. Observasjon.**

I det det dagleg arbeidet i klassen kjem læraren i nær kontakt med elevane, og skal følgja med på korleis elevane har det. Følgjande teikn kan gi grunn til uro:

- Aukande fråver frå skulen/kroppsøvingstimar
- Klagar over vondt i magen eller hovudet, særleg om morgonen
- Har få vener, ofte åleine
- Søkjer yngre vener
- Virkar engsteleg
- Er nedstemt, kan virka deprimert
- Er prega av humørsvingningar, tek lett til tårene, kan vera aggressiv i konfliktsituasjonar
- Vegrar seg mot å gå ut i friminutta, treg til å forlata klasserommet, søker kontakt med vaksne
- Kjem heim med øydelagde klede
- Går omvegar for å sleppa å treffa enkelte personar
- Prøver å skjula at noko er på gang
- Skuleprestasjonane blir dårligare
- Åferdsendring

Lista er ikkje uttømmande. Foreldre og lærarar må vera vakne for at eit barn kan visa andre teikn på at noko er gale.

## NÅR SKULELIVET FLOKAR SEG TIL – PROBLEMLØYSING

**MÅL: SKULEN HAR EIN FELLES STRATEGI SOM STOPPAR MOBBING OG  
UØNSKT ÅTFERD PÅ EIN PROFESJONELL OG EFFEKTIV MÅTE:**

### **1. ZERO-PROSEODYRE**

Dersom avdekkingstiltak gir grunn til å anta at ein elev er utsett for mobbin/plaging, skal rektor informerast, og følgjande fastlagde prosedyre skal følgjast:  
(Jmfr. Vedlegg 1.)

Undersøkingar for å sikre faktainformasjon

Første samtale med offer etter prosedyre omtala i "Zero. SAFs program mot mobbing. Lærerveiledning". Sjå vedlegg 1B

Første samtale med plagar etter prosedyre omtala i "Zero. SAFs program mot mobbing. Lærerveiledning".

Oppfølgingssamtaler med offer

Oppfølgingssamtaler med plagar

Samtaler med foreldra til offer

Samtaler med foreldra til plagar

(Sjå detaljert prosedyre sist i heftet.)

### **Arbeids/erfaringsnotat:**

## **2. TILTAK I KLASSAR MED UTFORDRANDE LÆRINGSMILJØ:**

Det kan også oppstå problem av meir systemisk karakter: Hele klassar eller elevgrupper kan ha utfordringar når det gjeld læringsmiljøet.

Rektor/inspektør skal i desse tilfellet involverast tidleg, og kallar inn til møte der ein gjer ei pedagogisk analyse av situasjonen, og set opp tiltaksrekke med ansvarstildeling, oppfølgingsplan og evalueringspunkt.

Tiltaka kan gjelda enkeltelevar, grupper av elevar eller klassen som heilskap.

Dersom dette gjeld ungdomstrinnet, kan sosiallærar vera med i arbeidet.

Føresette skal informerast om og involverast i arbeidet gjennom dialog og samarbeid.

Døme:

- Gruppесamtalar med alle elevane samtidig, for å undersøja kva kvar enkelt meiner om situasjonen, og vidare komma fram til forpliktande avtalar for å betra situasjonen.
- Elevane skriv logg for å komma fram med det dei personleg meiner
- Det blir ført logg på einskildelevar for å systematisera observasjonane
- Ekstra foreldremøte
- Repetisjon av klassereglar, evt. revisjon
- Jamlege møte mellom inpektør/sosiallærar og einskildelevar
- Auka vaksentettleik i friminutt
- Aktivitetar som har som mål å styrka felleskap og samhald
- 
- 

**Arbeids/erfaringsnotat:**

## KONTINUITET OG ETTERARBEID

**MÅL: SKULEN ARBEIDER KONTINUERLEG FOR Å OPPNÅ TRIVSEL OG GODT LÆRINGSMiljø**

### **1. ARBEID I ETTERKANT AV EI MOBBESAK - elevarbeid**

Etter at ei mobbesak er løyst eller at det er teke affære for å endre situasjonen, vil det vere nødvendig å jobbe strategisk i forhold til dei ulike partane: Mobbeofferet, mobbarane og tilskodarane. Målet med dette arbeidet må vere å førebyggje at dei kjem i nokon av desse rollane seinare.

Ansvarleg: Kontaktlærar og inspektør.

### **2. ARBEID I ETTERKANT AV EI MOBBESAK - organisasjonsarbeid**

Problemløsing på individnivå og etterarbeid etter ei mobbesak kan avdekkje svake punkt i systemet, som må endrast for å verka førebyggjande. Det er difor viktig at kvar mobbesak vert avslutta med ei evaluering der leiinga saman med aktuelle partar drøfter kva ein i organisasjonen kan læra av denne saka med tanke på å førebyggje mobbing.  
Ansvar for initiativ: Sosiallærar.

### **3. ÅRLEG GJENNOMGANG OG REVISJON AV PLANEN**

For å gjere planen til eit aktivt verkty i organisasjonen vil det vere naudsynt med ein årleg gjennomgang for å vurdere om planen fungerer tilfredsstillende eller om det er naudsynt med revisjon.

- a) tidspunkt for årleg gjennomgang av planen mot mobbing: April /mai
- b) ansvarleg for at årleg gjennomgang av planen: Skuleleiinga

**Arbeids/erfaringsnotat:**

## Vedlegg 1: Litteratur-liste:

"Ice-breakers", oppkopiert hefte med framlegg til miljøskapande aktivitetar

Andersen, J. (1995). *Foreldresamtaler: En innføring*. Oslo: Pedagogisk forum.  
Andersen, J. (1996). *Mer foreldresamarbeid*. Oslo: Pedagogisk Forum.

Berger, A-H. (2000). *Som elevene ser det: Hva får elevene til å bråke eller lære?* Cappelen Akademisk.

Brunland, O. A. & Eikbu, K. T. (1992). *Tren opp motet*. Oslo: Universitetsforlaget

Endrerud, T. (1990). *Ansvarslæring*. Oslo: Universitetsforlaget

Foros, P. B. (1989). *Læring av ansvar: Fra handling til holdning*. Oslo: Universitetsforlaget.

Fuglestad, O. L. (1993). *Samspel og motspell*. Oslo: Samlaget.

Gordon, T. (1979). *Snakk med oss lærer*. Oslo: Dreyer.

Juul, J. & Jensen, H. (2003). *Fra lydighet til ansvarlighet: pedagogisk relasjonskompetanse*. Oslo: Pedagogisk forum.

Molnar, A. (1993). *Skulen og problemelevene*. Oslo: Universitetsforlaget.

Munthe, E., Auestad, K., Midthassel, S., Roland, K., Midthassel, U.V. & Hetland, I. (1996). *Mobbing, Elevrådets idéperm*. Oslo: Norsk Læremiddelsenter . (2003). *Elevrådets idéhefte mot mobbing*. Stavanger. Senter for atferdsforskning

Nordahl, T. (2002). *Eleven som aktør*. Oslo: Universitetsforlaget.

Nordahl, T. (2000). Samarbeid mellom hjem og skule. *Foreldre i skulen*, 2:11–15

Nordahl, T. og M-A. Sørli (1996). Samarbeid mellom hjem og skule. Erfaringer og utfordringer. I Sandbæk, M. og G. Tveiten (red.): *Sammen med familien. Arbeid i partnerskap med barn og familie*. Oslo: Kommuneforlaget

Nordahl, T. & Sørli, M-A. (1997) Elever som viser problematferd i skulen – pedagogiske utfordringer. I I.M. Helgeland (red.). *Utfordrende ungdom i skulen*. Revidert utgave. Oslo: Kommuneforlaget.

Ogden T. (2001). *Sosial kompetanse og problematferd i skulen: kompetanseutviklende og problemløsende arbeid i skulen*. Oslo: Gyldendal, akademisk.

Ogden, T. (2002). *Klasse- og undervisningsledelse*. Bedre skule småskriftserie nr. 6. Oslo  
Roland E. (1998). *Elevkollektivet*. Stavanger: Rebell forlag.

Roland, E. & Vaaland, G.S. (1996). *Mobbing – en lærerveiledning*, Oslo: Norsk

Læremiddelsenter. (2003) Zero, SAFs program mot mobbin. *Lærerveiledning*. Stavanger. Senter for atferdsforskning.

Roland, E. (1996). *Mobbing, håndbok til foreldre*. Stavanger: Rebell forlag.

Schmuck, R. & Schmuck, P. (1992). *Livet i klasserommet*. ny utg. Oslo: Cappelen forlag.

Slåttøy, A. (2002). *Problematferd i klasserommet*. Oslo: Cappelen Akademiske forlag.

Solli, K. A. (1993). *Elever i konflikt: Samspillbrudd og atferdsproblemer i skulen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Westblad-Dicks, M. (2002). *Å håndtere livet i skulen. Det gode møtet mellom lærere, elever og foreldre*. Oslo: Kommuneforlaget.

I tillegg har FUG (foreldreutvalet for grunnskulen) utarbeida eit hefte som heiter: *Mobbing angår alle*. Det kan ein bestille hos Foreldreutvalet i grunnskulen, Postboks 8119 Dep. 0032 Oslo.

## **VEDLEGG 2: Fadder-ordning**

TID	AKTIVITETAR
Innskrivingsdag	Presentasjon, namneskilt,
Første skuledag	Felles leik
August	Leiketime. Eta nista saman
September	Tur til lavvoen
Oktober	Aktivitetar på Zero-området
November	Speletime
Desember	Juleverkstad med store hjelparar
Januar	Høgtlesing
Februar	Vinteraktivitetar ute
Mars	Høgtlesing
April	Aktivitetar på Zero-området
Mai	Tur til Likvik
Juni	Hjelp til tverrfagleg opplegg siste skuledag

## **VEDLEGG 3: Forventningsavklaring frå skulen til barnehagen**

Vanleg folkeskikk :

- vera stille og høyra etter når vaksne snakkar,
- følgja beskjedar,
- læra å ta opp handa når ein vil seia noko,
- ta omsyn til andre, vera høfleg når ein blir tilbuddt noko og seia takk,
- vente på tur, stå fint i rekker
- kunne gjera ting saman, t.d. spel og aktivitetar, rydding
- læra at brot på reglar får konsekvensar

Praktiske ting:

- Kunna klara seg sjølve på toalettet
- Kle på seg sjølve, også når det gjeld sko/støvletter
- Eta maten sin fint på eiga hand
- Bruka enkle verktøy, som t.d. saks og ha øvd på rett blyantgrep

Ordtarfang og -forståing:

- Dei kan viktige begrep som først og sist, høgre og venstre, preposisjonar, fargar, storleik,
- Dei har øvd seg på å rima (rim og regler, songar og ellingar)
- Mengdetrening med tal

#### Vedlegg 4: Overgang barnehage-skule

TID PÅ ÅRET	TILTAK	ANSVAR
SEPT.	Informasjon til foreldra i barnehagane, på foreldremøte eller i foreldresamtale, om: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ rutinen i kommunen ang. skulestart</li> <li>▪ at skulen sender ut innskrivingsskjema i des./jan.</li> <li>▪ at 1. mars er frist for å søkja om utsett skulestart</li> </ul>	Styrar
DES./JAN.	Henta ut namneliste på Unique Skole, over dei som skal starta	Sekretær/ Rektor
DES./JAN.	Annonse i avisene om at innskrivingsskjema vert sendt ut	Stabsrådgjevar
DES./JAN.	Skulen sender innskrivingsskjema til foreldra. Samtykke fra foreldra ang. innhald/informasjon som skal leverast til skulen, er del av dette skjemaet. (Vedlegg)	Rektor
JANUAR- MARS	Evt. ressursmøte skule, barnehage, foreldre og PPT om spesialpedagogiske tiltak for elevane som skal starta på 1. steg.	PPT
VÅR-HALVÅRET	Skulen held informasjonsmøte for foreldra med presentasjon av skulen, tilsette, organisering, lese- og skriveopplæringa, SFO o.a. Dette kan samkjøyrast med besøk av elevane på skulen. Dette foreldremøtet kan haldast medan elevane er i lag med ”skulefadrane” sine.	Rektor
VÅR-HALVÅRET	Komande 1. steg vert innbedne til skulen. Får møta lærar, fagarbeidar, fadrar, sjå på lokala osb.	Rektor/ lærar
VÅR-HALVÅRET	Alle barn i barnehagen skal observerast med TRAS det året dei tek til på skulen. Barnehagen lagar perm med ei side per barn, der det er bilet av barnet, samt litt info om barnet.	Styrar
VÅR-HALVÅRET	Overgangsmøte mellom skule og barnehage, der barnehagen informerer om barna som skal ta til på skulen. Gjennomgang av TRAS og ”Alle med”. Deltakarar: Rektor, kontaktlærar for 1. kl. ped. leiar, styrar og ved behov repr. for PPT.	Styrar
AUG,/ SEPT./OKT	Foreldresamtale på skulen. Foreldre får høv til å gje informasjon om barnet. Oppfølging av TRAS er også tema.	Rektor og kontaktlærar
OKT./NOV.	Evaluering av overgangsprosessen. Styrar og rektor tar del.	Styrar

## Vedlegg 5: Overgang barneskule - ungdomsskule

Rutinen for overgangen er forpliktande for både barneskule, ungdomsskule og PPT. Rektorane er ansvarlege og delegerer fritt ut frå organisering i si eining.

TID PÅ ÅRET	TILTAK	ANSVAR
JANUAR	Brev til barneskulane med datoar for dei ulike overgangstiltaka	Ungdomsskulen
MARS	Informasjonsskriv til foreldra om hendingar og datoar knytt til overgangen. Skriv med orientering om og frist for språkval. Frist 1.mai.	Barneskulen
MARS	Første informasjon til elevane i 7. kl. ved at repr. frå leiinga/ rådgjevar/ lærar og elevgruppe frå ungdomssteget besøker klassen. Elevgruppa er samansett slik at begge kjønn og alle skular er representert.	Ungdomsskulen
MARS/APRIL	Lærarane set saman klassar etter kjennskap til elevane.	Kontaktlærar
MARS/APRIL	Nåverande kontaktlærarar og repr frå leiinga ved u-skulen fordeler elevane på nye klassar. PPT deltek ved behov.	Ungdomsskulen
MAI	Foreldremøte for ny 8. kl. Informasjon om: - Klassedeling - Kontaktlærarar - Organisering og arbeidsmåtar - Framandspråk/ fordjuping	Ungdomsskulen
MAI	Elevane kjem med ønskje om framandspråk/ fordjuping. Ungdomsskulen fordeler.	Ungdomsskulen
JUNI	Skulebesøk for å bli kjende med ny klasse, ny skule, lærarar osb. Informasjon, omvisning og sosiale tiltak.	Ungdomsskulen
JUNI	Samrådingsmøte mellom ”gammal og ny” kontaktlærarar for å utveksla naudsynt Informasjon.	Ungdomsskulen
AUG	Mottak på ny skule.	Ungdomsskulen

## Vedlegg 6

### PROBLEMLØYSING MOBBING

*Ingen mobbesaker er like. Dette er ein prosedyre som kan brukast i dei fleste saker, eventuelt verta tilpassa..  
Mobbesaker skal verta behandla etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslov, jfr. opplæringslova §9a.  
Om SFO er involvert, er SFO-koordinator delaktig i prosessen.*

#### A. SAMTALE MED OFFERET

Individuell samtale på skjerma plass. Kontaktlærar gjennomfører samtalens og fører logg.		MERK
1	Lærar klargjer at han veit kva som skjer og kva åtferd skulen ikkje kan akseptera.	Læraren må før samtalens ha skaffa informasjon. Å avdekka mobbing og samla informasjon er ei kollektiv oppgåve i kollegiet.
2	Gje eleven støtte.	Ta eleven på alvor. Har mobbing gått føre seg lenge, kan eleven kjenna seg skuldig, eller eleven er redd for represaliar.
3	Gje anledning til at eleven får fortelja, men ikkje press.	Dersom det ikkje kjem fram noko eller eleven ser redd ut, tek du ein ny førstesamtale raskt. Fullfør likevel første samtale.
4	Læraren seier at han vil stoppa dette og at eleven skal få informasjon på førehand kva som skal skje.	Klargin prosessen for eleven, slik at eleven ikkje treng engsta seg unødig.
5	Læraren seier at han vil informera foreldra til eleven	Dette er for at fleire vaksne skal spela på lag og gje eleven denne tryggleiken. Kan også vera aktuelt å fortelja at dei andre lærarane på skulen veit og fylgjer med.
6	Avtal nytt møte med eleven.	Ha gjerne to møte med offeret før samtalens med plagarane.

#### B. SAMTALE MED MOBBAREN ( 5- 10 min)

Individuell samtale på skjerma plass. Kontaktlærar gjennomfører samtalens og fører logg. Er det fleire involvert, skal ikkje elevane få høve til å snakka saman mellom samtalane.		MERK
1	Lærar konfronterer eleven med at han veit kva som føregår og at denne åtferda umiddelbart må slutta.	Sørg for å ha informasjon
2	Lærar gjev eleven høve til å uttala seg, men går ikkje inn i diskusjon. Lærar møter elevane med aksepterande haldning, men er fast på at åtferda ikkje er akseptabel.	<i>Sei at eleven skal få høve til å uttala seg og at du ikkje vil bryta inn anna enn å stilla utdypande spørsmål. Du kan kommentera med å seia " Eg registrerer kva du seier".</i> <u>FELLE 1:</u> Å gå inn i diskusjon - det gjev eleven kontroll (noko læraren skal hal) Lærar må fylgja nøye med, det kan koma informasjon som er nyttig i det vidare arbeidet.
3	Lærar seier at han vil informera foreldre og at rektor er informert.	<i>La eleven forstå at dette er eit kollektivt arbeid, og at dette ikkje berre handlar om at denne eine læraren bryr seg.</i>
4	Lærar spør om eleven har sett nokon andre plaga det aktuelle offeret.	<i>Her må lærar fylgja med. Det kan koma informasjon til bruk seinare.</i>
5	Lærar inviterer eleven til å koma med forslag til tiltak for å få slutt på mobbinga.	<u>FELLE 2:</u> Generalisering Eleven må konkretisera kva dette betyr for han og kva han då vil gjera i konkrete situasjoner. Dersom eleven har mange idear, må han konkretisera seg om nokon viktige som kan gjennomførast raskt. Lærar syt for å ha kontroll ved å be eleven om å konkretisera.
6	Lærar prøver få eleven til å forplikta seg til å slutta med mobbinga.	<i>Dersom eleven ikkje vil forplikta seg, må lærar seia at dette er eleven sitt val, men det kjem til å få konsekvensar. Skulen har plikt å setja i verk tiltak.</i>
7	Lærar førespeglar eleven på å koma tilbake til dei andre elevane, no når ein avtale er gjort.	<i>Dette for å gjera det lettare for eleven å klara halda det dei har lova.</i>
8	Lærar informerer om at han vil snakka med dei andre elevane som deltek i mobbinga enkeltvis, og deretter snakka med dei samla.	

## C. GRUPPESAMTALE ( 5- 10 min)

<b>Gruppesamtalen skal gjennomførast umiddelbart etter dei individuelle samtalane. Lag skriftleg notat etter samtalen.</b>		
		<i>MERK</i>
1	Læraren startar med å referera kva som er komne fram i dei individuelle samtalane	<i>Det er viktig å visa elevane samla at lærar har danna seg eit heilare bilet og at dei alle har bidrige noko til dette</i>
2	Lærar informerer om at saka er teken opp med den som vert utsett for mobbing og at eleven også er informert om samtalen som no finn stad.	
3	Lærar informerer om at mobbarane sine foreldre vert informert og at rektor er informert	
4	Lærar prøver å forplikta elevane på å unngå mobbing ved å få kvar til å seia at dei ikkje vil delta i mobbinga.	
5	Lærar spør elevane kva dei vil gjera om dei ser andre mobba den aktuelle eleven	
6	Lærar nyttar førespegling for å førebu elevane på møtet med <ul style="list-style-type: none"> <li>a) den aktuelle eleven (offeret)</li> <li>b) dei andre elevane i klassen</li> </ul>	
7	Lærar formidlar at han har tillit til at eleven no fylgjer opp avtalane	
8	Lærar avtalar tid for nye samtalar for å høyra korleis det går om 2-4 dagar, og seinare ein gong i veka den første tida.  Avtal konkrete tidspunkt.	<i><u>OFFERET:</u> Oppfylgingssamtale med offeret. Oppfylgingssamtale med foreldra til offeret. Er det noko offeret kan gjera for ikkje å koma i situasjonar kor mobbing kan skje. Kva kan foreldra gjera.</i>  <i><u>PLAGAREN:</u> Er åferda slutt? Finst det alternative aktivitetar som gjer at ein ikkje vert freista til å mobba? Samtale med foreldra til plagar: Kva kan foreldre bidra med for at mobbing ikke skal skje?</i>
9.	Lukka mobbesaka med skriftleg dokumentasjon med saksgong, utan elevnamn. Dette skal ligga i elevmappa .	
Lærar vurderer om det umiddelbart skal vera møte mellom dei som mobbar og den som blir mobba. I ein slik samtale skal normalt lærar gje elevane ordet, men sørja for ein konstruktiv konklusjon. Bruk gjerne førespegling.		

### TILTAK SOM KAN VURDERAST FOR MOBBAR:

*Må sjåast i samanheng med ordensreglementet på skulen. Tiltak kan vera:*

- Forsterka vakthald rundt både offer og mobbar
- Alternative friminutt for mobbar
- Vakt som ”frimerke” på mobbar
- Kopla inn andre instansar
- I samarbeid med heimen dra inn retten til å brukha nett og mobil
- Visa eleven ut frå skulen
- Byta skule

## Vedlegg 7

### Konkrete klassemiljøtiltak

	Klar og lik struktur i kvarldagen	Tur-ven, leikepar/grupper	Zero-songen	Høgtlesing- bøker med aktuelle tema	Handhelse kvar morgen
s-tr.	Hemmeleg ven	Årstidsgrupper	«Bli med i dansen»	Få positive utsegner om seg sjølv, t.d. julekalender	Ikkje lov å seia nei når nokon spør om å få vera med i leiken
	Leikar og songar om fellesskap og vennskap	Leiketimar	Speletimar	Stasjonsarbeid med samarbeidsoppgåver	Rollepel av vaksne
	Gruppe-samtalar jenter/gutar	Organiserte fotball-lag			
m-tr	Kakebaking før jul	Fjelltur, skidag, skøytetur	Song til og fokus på elevar som har fødselsdag	Idrettsdag	Aktiv bruk av loggbok
	Eitt sosialt mål for kvar månad?	Haustfest	Arbeid med og gjennomføring av fellessamling		
	Om hausten: Elevane intervjuar kvarandre om sommarferie-akt., presentert for klassen	Bruk «kva om..»-spørsmål for å få i gang diskusjonar om aktuelle situasjonar på skulen			
u-tr.	Elevsamtalar	Logg	Tydeleg klasse-leiing	Læringspartnar som metode	Spel/quiz/leik på tvers av klassane
	Friluftslivsdagar i mai/juni	Leirskule	Markering av fødselsdagar	Adventskalender	Fokus på godt humør og positiv tone
	Fokus på inkluderande aktivitetar i gym-timen	Zero: Tema i elevråd			